



Notat

Dato: 04.09.2018
Arkivsak: 2018/9753-17
Saksbehandlar: andask_

Til: OPHE, KIRU, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Melding om opptak av programkommunar i Hordaland 2018 - Program for folkehelsearbeid

Fylkesrådmannen melder at opptak i tilskotsordninga til program for folkehelsearbeid i Hordaland no er starta. Tilskotsordninga er offentleg kunngjort på Hordaland fylkeskommune sine heimesider, med høve for alle kommunane i fylket å søke seg inn i tilskotsordninga med frist 30.06.18. Utlysinga byggjer på regelverket for ordninga og dei rammene Fylkesrådmannen har skildra i søknaden sendt til Helsedirektoratet frå Hordaland fylkeskommune. Målet i Hordaland er å få til rundt 12 gode prosjekt i tilskotsordninga.

Når søknadsfristen gjekk ut hadde Hordaland fylkeskommune motteke 6 søknader. Ei kommune bad om utsett frist, men grunna stramme rapporteringsfristar til Helsedirektoratet var dette ikkje mogeleg å få til. Andre kommunar har signalisert at det av ulike grunnar var for tidleg å søkje i første opptaksrunde. Det vil bli ei ny opptaksrunde i 2019 ev. tidleg i 2020.

I Hordaland er kommunane Askøy, Bergen, Bømlo, Kvam m/samarbeidskommunar, Kvinnherad og Stord valde ut til å delta i prosjektet. Opptaket er i tråd med råda frå samarbeidsorganet for folkehelsearbeidet i Hordaland i møte den 22. 08.18, og etter ei heilskapleg vurdering. Det er også vurdert om planlagt tiltaksområde er innanfor rammene for tilskotsordninga.

Hordaland fylkeskommune har inngått generelle samarbeidsavtaler med programkommunane. Avtalen er sendt Helsedirektoratet.

I samarbeidsorganet sitt møte den 14.12.18 skal den endelege prosjektsøknaden med vekt på om innrettinga av det planlagde tiltaket fyller vilkåra for å vere med i programmet vurderast. Tildeling av tilskotsmidlar til å utvikle arbeidet i kommunane vil skje når det endelige tiltaket er godkjent.

Som det går fram av utlysinga av tilskotsordninga i Hordaland skal kommunane som no har fått status som programkommunar vidareutvikle arbeidet med å få fram eit tiltak med tilrettelegging for evaluering, gjennom hausten 2018. SINTEF har utvikla eit evaluatingsnotat på grunnlag av arbeidet i kommunar som vart tekne opp i tilskotsordninga i 2017. Notatet viser at kommunane i oppstartsfasen av programarbeidet treng god fagleg støtte og vegleiring for utvikling av tiltaket. Særleg er det viktig å planlegge evaluering samtidig med planlegging av tiltaket. SINTEF seier vidare at det er viktig at kommunar og FoU-miljø samarbeider allereie i søknadsfasen. I Hordaland vil vi samarbeide med FoU-miljøa knytt opp til programmet for å få dette til.

Oversikt over sokjar kommunar.

Søkjarkommune	Samarbeids-kommune/ar	Prosjekteigar	Region	Folketal 2018
1 Askøy		Kommunalsjef oppvekst Åge Rosnes	Vest	29 071
2 Bergen		Seksjonssjef Byrådsavdeling for helse og omsorg Benedicte Løseth	Bergen	279 792
3 Bømlo		Rådmann Geir E. Aga	Sunnhordland	11 902
4 Kvam*	Jondal Odda Ullensvang Eidfjord Ulvik Granvin Voss Samnanger	Oppvekstsjef Astrid Anett Steine	Voss/Hardanger Voss Bjørnefjorden	35 062
5 Kvinnherad		Rådmann Torstein Aarthun	Sunnhordland	13 180
6 Stord		Rådmann Magnus Mjør	Sunnhordland	18 80

*Prosjekteigar. Samarbeid med øvrige kommunar er under planlegging.

Kommune	Målgruppe	Tiltaksområde og arena
Askøy	Primær målgruppe: Barn 11 -16 år	Tiltaksområde: Gode helsefremmende møteplasser for barn og unge. Arena: Skole og nærmiljø
Bergen	Primær målgruppe: Barn, og foreldre til barnehagebarna Elevar i vidaregåande skole 16-19 år	Tiltaksområde: Styrke medverknad og tverrfagleg samarbeid gjennom heile oppveksten. Samhandling og medvirkning for å fremme psykisk helse og redusere sosiale helseforskjeller blant barn og unge (overgangar). Arena1: barnehage Første omgang - i levekårsonar med største utfordringar Arena 2: vidaregåande skule Første omgang - i levekårsonar med største utfordringar
Bømlo	Primær målgruppe: Barn frå barnehagealder	Tiltaksområde: Ressurskartlegging, ressursmobiliering og kopling av ressursar hos barn og unge i kommunen. Arena:

	og ungdom i 20- årsalder	barnehage og skule/ vidaregåande skule
Kvam m. fl	Primær målgruppe: Ungdom 13 – 19 år	Tiltaksområde: Metodeutvikling – verkty for å velje tiltak «for å letta på presset» for unge i møte med ulike sektorar i kommunen.
Kvinnherad	Primær målgruppe: Ungdom og unge vaksne 13 -24 år som står i fare for å kome, eller allereie er, utanfor skule og/eller arbeidsliv	Tiltaksområde: Heilskapleg og samordna oppfølging av unge vaksne utanfor skule og/eller arbeidsliv Arena: Nærmiljø, arbeidsliv, skule (overgongar ungdomskule og vidaregåande skule)
Stord	Primær målgruppe: Barn 3 (4) år – 16 år	Tiltaksområde: Integre medverknadsprosessar i barnehage- og skule kvardagen (få fram trivselsfaktorar og ressursar). Arena: Barnehage og skole – overgongar, nærmiljø.